


i et liv det har fått for å glede seg mellom blomstene på marka, og fuglene under himmelen. Mennesket er kommet på villstrå inni naturen, det har fått trollsplint i øyet, og gleder seg mer over drapet enn over livet.

Slik står mennesket som en morder i vårnatta, og har skilt ut gleden sin fra Naturen. Og når Naturen en gang sier: I denne natt kreves din sjel av deg, så står mennesket der med gleden sin, og har ikke vært virkelig glad ei eneste vårnatt ...



Spekulasjon.

John Moum

oooooooooooooooooooooooooooooooooooo

BARNDOMS-LANDET

Av Leif Halse

Då ser ein attende,
hev hug til å vende, —
då drøymer ei upp att og hugsar sitt liv
i barndomstid, —
Då vaknar ein tone, då hjalar eit viv
i Jusulid.
(Olav Aukrust.)

Forunderleg med denne årvisse lengten etter fjell og vidder. Med eitt er han der som eit sug for bringa — som ei uro i blodet. I slike stunder er det vanskeleg å få gjort noko skikkeleg arbeid. Fjell-lengten fargar alle tankar og slår gjennom alle stengsler i ditt sinn. Til du legg alt arbeid til side og let draumen om fjellet fange deg heilt inn. Og songen om fjellet — den vakraste songen du vei-om — tonar i hugen din!

Kva er det vi lengtar etter? Det kan visst vera så ymse med det. Kanskje bymannen lengtar til ein stad der naturen gufsar imot han frisk og urørt — som den gjekk ut frå Guds eiga skaparhand — ein stad der han kan få vera i fred.

Ein kjøpmann frå Kristiansund var på veg til Romådalen i vestre Trollheimen — til ferie i kvite påskefjell. Oppe i den bratte Romålia satt han og kvilte under børa og tørka sveitte. Da smilte han lykke-



leg og sa: Ja, no kan dei ha det så godt! No kan dei kime med sine rikstelefona. No kan dei sende sine kravbrev og vekslar! Her er det ingen ting som når oss! Her kan vi puste fritt! Her er vi frie menn!

Det ukjente og usette dreg med ei underleg makt. Tidleg fekk du høre om Romådalen — seter-dalen med høge snøfjell omkring. Der var setergrender med låge torvtekte hus, der var bjørkeskog i lier og på rastar, og innetter alle myrar stod myrulla silkekvit. Der var elvar med isgrønt vatn, og ferske far etter steinsprang og ras i bratte lier. Der var buskap og bjøllesingel, bjønn som slo sau, og ørn som tok lam. Der var rare kveldar da blåkjerringa gjætte sine blå kyr mellom låge haugar. Du hadde hørt forteljingar om sære solskinsdagar og mørke uversnetter, om markaslått og bjønnjakt, og du hadde hørt eventyret om bekrinn* og merra og purka som skulle til Romådals og gjera seg feite:

«Det var ein gong at bekrinn og merra og purka skulle til Romådals. Bekrinn gjekk først. Da han kom opp på Høghjellen, så satt det ein bjønn der på ein stein.

— No tek eg og et deg opp! sa bjønnen.

— Nei, du må ikkje gjera det, sa bekrinn. No er eg mager og berre beina. Men vent til hausten, når eg kjem ned att tu Romådala. Da er eg feit og fin, og da kan du eta meg opp!

Det gjekk bjønnen med på, og da merra kom, gjorde bjønnen samme avtalen med henne — og like eins med purka.

Da det leid til hausten, skulle dyra heim-att, og bekrinn gjekk først. Nede på Høghjellen satt bjønnen og venta.

— No tek eg og et deg opp! sa han.

— Ja, det skal du få, sa bekrinn. Og vil du, så skal eg hjelpe deg! Sett deg ned i bakken der, du, og gap høgt, så skal eg springe beint inni deg. Så slepp du å tygge!

Bjønnen sette seg ned i den bratte bakken og gapa så høgt han kunne. Bekrinn kom settande i slik fart at han gjekk beint igjennom bjønnen. Så sprang han heim og inn i smalestallen.

Da det leid om ei stund, kom merra. Da ho fekk sjå bjønnen, tok ho til å halte på den eine bakhofoten.

* Bekrinn = veren.

— No tek eg og et deg opp! sa bjønnen. Bekrinn narra meg, men du skal ikkje sleppe unna!

— Nei, eg har ikkje tenkt å narre deg! sa merra. Men eg har fått ei flis i den eine bakhoven. Du må hjelpe meg og ta ut denne flisa, så du ikkje et ho i deg!

Bjønnen sette seg framme på bakkekanten, og merra snudde bakenden til. Så fekk bjønnen eit spark i hovudet, så han endskaut nedover Høghjellbrekkja, og merra sprang heim og inn på stallen. Purka kom sist, og ho hadde elleve grisungar med seg.

— No tek eg og et deg opp! sa bjønnen. Bekrinn og merra lura meg, men du skal ikkje sleppe unna!

— Eg har ikkje tenkt å sleppe unna heller! sa purka. Men eg får vel lov til å lære barna mine morsmålet deiras først?

Det skulle ho få lov til, og dermed sette purka i og skrike det beste ho kunne, og alle grisungane skrek det dei var gode til. Er det noko bjønnen ikkje toler, så er det kauking og skriking, og no sette han i veg så skogen la seg unna han, der han fór. Han hoppa over Romåa og sprang innover til Kufallet. Der skulle han hoppe over elva, men det vart for drygt, og han kom seg ikkje over. Elva tok han, og han vart hengande mellom to stokkar midt i Kufallfossen, og han Anders Nessa fann bjønnskrotten der.»

Da det leid så langt, at du sjøl gjekk Romådals-vegen for første gong, så var du ikkje framand og ukjent. Du visste om alle kvilarstadene: Høghjellen, Steinvegen, Brattkneppa, Nybøksla, Bakgreistaden og Haukarsteinen. Og etter som åra gjekk, og du vart betre kjent med Romålia, fekk kvar kvilarstad sin sereigne tone og sitt eige hendings-innhald: Sjøl møtte du bjønnen på Høghjellen — eller tankane dine leika med eit slikt møte. Du sleit deg opp den stupbratte Brattkneppa, der olderskogen vaks tett kring veg og stig, og revebjølla ringte med raude klokker mellom olderkjerra.

Nybøksla bar med seg minne om vinter. Her er lia vestvend, og her ligg vugleia flat — før ho rundar ein berghammar og skyt seg til vers mot fjellbrun og kald vind. Det er lognt her i Nybøksla, og når høykjørarane skulle til Romådals etter for, så kvilte dei her. Hestane stod i lang rekke i den smale vintervegen og fekk seg ein liten høytapp medan dei kvilte. Det var tidleg morgon, det var

ikkje skikkeleg lyst enno, og dei store, mørke dyra ruvte enno større i det underlege halvljøset. Himmelten kvelvde seg stålblå over fjell og dal, og stjernene blyktå og skein. Karane togg skrå og spytta brunt i snøen, og ein morgonvåk hære hukra rundt og kaldt ein stad borte i Litl-lia. Underleg å vera med i vaksen-manns lag for ein tolvårs gutunge, og biletet og stemninga brente seg fast i hugen. —

Når du tenker deg om, så er det ikkje det usette og uopplevde du lengtar etter og drøymer om. Nei, alle dine tankar og all din lengt går tilbake til barndomslandet — til dei stigar du trødde som barn — til Romålia, Haukarsteinen og Steinarstu-setra — til Storbotnen og Rogn-nebba, Fagerlidalen og Sprikkeltdjønnene. Og minna frå ei sorglaus tid strøymer innpå deg — ei lykkeleg tid da kvar dag hadde nok med si møde. Dagane var lange og fulle av liv og lykke. Du lauga i stille hølar og fiska all elva innetter. Du plukka molter på myrane og kleiv i hengbratte lier. Og kvelden var god, når han kom. Med den vesle magen fullstappa av mjølkemat kleiv du opp på lemmen. Der grov du deg ned under ei tung rye og sovna straks. Du visste ikkje av at natta gjekk over Romådalen. Du vakna opp med sol i glasrutene og dogg i graset, og kongroveven hekk som lange perlerader i fjellris-kjerra. Hugen din var blank som den blåe himmelen over dalen, der ikkje ei sky var å sjå!

Det er dette du er på leiting etter — barndomslandet, og du finn det att på tusen stader i di barndoms bygd, på din barndoms seterveg — i dine barndoms fjell!


Tek du ein framand med deg til desse traktene og prøver å fortelje han om stader og hendingar og føre han inn i den same stemning som syng i ditt eige sinn, så vil det sjeldan eller aldri lykkast heilt. De står to-saman ved Haukarsteinen og utsynet opnar seg innetter Romådalen. Du fortel, at her stansa seterfararane og hauka innover, så blåkjerringa skulle høre dei og flytte unna til seterfolket kom. Alt dette står for deg i eit eventyrleg lys, men den framande berre ser på deg og blir ikkje reven med.

— Jaså, seier han og kastar eit kaldt kvardagsord inn i eventyrlandet ditt.

— Jaså! seier han og lagar seg til å gå.

Du stussar kanskje. Men så hugsar du, at *han* har aldri stått her og hørt ho Gammel-Ynnbør fortelje om blåfolk og underjordiske. *Han* har ikkje sett kor det blåna av kveld bak haugar og bakkar og kjent den underleg stemning som naturmystikken kan skape i eit barnesinn. Han ser det heile med vaksen-manns kalde og kritiske augo, han ser ikkje meir enn det som er — og knapt nok det!

Det som du opplever i møte med barndomslandet — det er ditt og ingen annans. Du opplever det like sterkt kvar gong du må gje etter for lengten etter li og fjell og vidder, og du leitar deg tilbake til landet der eventyret lever — til landet utan sorger.



Sylene var kvasse. Buksa broderes.

O. Lykstad